

## Referat ungdomsrådsmøte 24.4.23

Tilstades: Bjarte Notland Tjensvoll, Emma Lillian Fimland, Hannah Oliva Høgmo Breivik, Eirik Nitter, Marianne Steinsvåg Tollaksvik, Thilde Brendeseter, Hannah Stokkenes-Jenkins, Silas Eidesvik, Adelin Pedersen, Adam Huse og Karan Abedi

Politiske fadrar: Siv Linda Vespestad og Ragnfrid Sønstabø

Ressurspersonar: Lene Borgen Waage (ungdomsrådskoordinator), Mariann Lidal (aktivitetsguide) og John Henrik Stavland Sæter (referent).

### Gjennomgang arbeidsgrupper – status og vidare arbeid

#### Møteplassar

Det var open dag 11.04. Då var det om lag 20 personar innom og gav innspel.

I helga var det oppussing på gamle BUS. Det vart vaska og måla. Det var ikkje så mange som møtte utanom ungdomsrådsrepresentantar. Men det vart gjort mykje arbeid og ein har kome godt i gang med oppussinga.

Kanskje ein kan ha eit samarbeid med russen knytt til gamle BUS? Kanskje ha eit prosjektkontor for russen lokalisert på gamle BUS, slik at ein kan samarbeide tettare? Hammerfest har eit flott ungdomshus. Det er aktuelt å høyre med Hammerfest kva erfaringar dei har. I Haugesund har ein Fellesverket og KFUK/KFUM har Forandringshuset. I tillegg har Skåredalen ein fritidsklubb som verkar bra. Ungdomsrådet ynskjer å besøke desse ungdomstilboda i Haugesund.

Det vert truleg opna for at andre lag og organisasjonar kan nytte delar av gamle BUS. Det er viktig å få liv og aktivitet i bygget i påvente av avklaring av kva som skal skje med bygget på lengre sikt.

Korleis skal ein legge til rette for at gamle BUS skal vere ein trygg plass å vere? Det er viktig med tilgjengelege vaksne. Her kan ein tenke samarbeid med andre som eventuelt brukar bygget.

Korleis skal ein skape eit breitt engasjement og få folk til å engasjere seg?

Ungdomsrådet ynskjer å søke Finnås kraftlag om midlar til å få internett-tilgang til lokalet på gamle BUS.

Elevrådet på Moster har levert søknad til gruveområdet på Moster. Dette blir del av politisk sak om prosjekt fram mot 2024, som skal handsamast i kommunestyret i siste møterunde før sommaren.

#### ALLEMED

Ungdomsrådet har hatt kontakt med idrettsrådet i samband med spørsmål om å etablere eit tettare samarbeid på tvers av idrettslaga, for å prøve få til ein ny bytedag av idrettsutstyr til hausten. Den førre bytedagen vart avlyst på grunn av for lite innlevert utstyr. Då bør ein vere tidlegare ute med informasjon og alle idrettslaga bør sende ut info.

ALLEMED i fritidsaktivitetar: det er viktig å spreie informasjon og synleggjere kva som finst. Det er tilsett tre ungdomsconnectorar som vil ha ei viktig rolle i dette. Dei jobbar i tida fram mot sommarferien og dei to første vekene i sommarferien.

#### Trafikksikring

Dialogmøte for lag og organisasjonar var opptekne av spørsmål om kollektivtilbod.

Trafikksikring, Ung MC og bil er framleis viktig tema.

### Ungdommens fylkesting

Emma Fimland og Sofie Søvik var delegatar frå Bømlo ungdomsråd. I tillegg deltok Emilie Nyhammer i kraft av sitt verv i Vestland ungdomsutval. Dei som deltok fortel om kva som var tema og kva dei tenkjer Bømlo bør ta med seg. Gjennom helga kom deltakarane med innspel til dei ulike arbeidsgruppene og fekk vere med på å bestemme kva fylkesutvalet skal jobbe vidare med.

### Politiske parti som har tatt kontakt for innspel

Eitt politisk parti har tatt kontakt for innspel. Bømlo ungdomsråd ynskjer møter med alle politiske parti for å drøfte kva som vert viktig fram mot kommunevalet. Listene er godkjende. Ungdomsrådet ynskjer å invitere partileiarane til eit møte i slutten av mai/byrjinga av juni. Det vart bestemt at ungdomsrådet inviterer til møte onsdag 31. mai kl. 18. på gamle BUS. Leiari sender ut invitasjon.


### Evaluering av Ungdom ved roret

Ungdomsrådsrepresentantane svarte på spørsmål via Menti om erfaringar med ungdomsrådsarbeidet:

#### Kva har vore mest interessant/kjekt med ungdomsrådsarbeidet:

- At me har fått til så mykje
- Få vera med å bestemma
- Læra nye ting
- Spennande. Å få til nåke på Gamlebudd
- At me har fått fåv å vera med å bestemma og sei ka me meine om forskjellige saker, at da ikkje bare har vore voksne som har bestemt
- Å få være med og bestemme og at ungdommane kan gjer en forskjell og ta eigenskap i ting
- Gamlebuss
- Veldig bra med arbeidsgrupper som har forskjellige arbeidsområder-Effektiv måte å jobbe på.
- Gamle bus
- å sjå resultat, læra korleis prosessar foregår
- Få høyre innspel ifrå andre skular

#### Om lag kor mange dagar har du brukt på ungdomsrådsarbeidet?:




#### Kva har vore mest utfordrande med ungdomsrådsarbeidet?

- Å få med seg alt utan å gå glipp av for mykje på skulen
- I nåken tilfelle holda motet oppe når ting går treigt
- Å komma i gang med ting
- Når man har så mye annet å gjer i tillegg, vanskelig å prioritera det sjølv om det er spennande
- Går utøver skulen
- Går glipp av skulen og må ta det igjen heima
- Å starta og komma med ideen

- Å få fleire ungdommar(og vaksne) rundt med på arbeidet/lysa ut. Rettferdig måtte å velga inn styre på.
- Å prioritere det når eg har mykje Anna itillegg
- Lange prosessar
- Veit ikkje
- Prioritering ifrhold til skule
- Da med buss

**Opplever du at arbeidet i ungdomsrådet har gitt konkrete resultat?:**



**Kva resultat?:**

- Gamle bus og kollektivtransport
- Gamle bus
- Gamle Bus. Ny leiar. Starta på å lage et ungdomsråd for sunnhordland
- Me har fått til fritidsklubb på gamle bus. Me har fått til møte med skyss. Me har starta fleire prosessar som ikkje er fullførte enda, men som har mykje å sei for oss ungdommar
- At me får til fleire muligheter for oss onge
- Me har fått til da med gamlebuss
- Vaktmesterbuligen, Byttedag (nesten i alle fall.),
- Gamle bus, byttedag, kulturneset o.s.v
- Gamle BUS

**Kva skal til for at arbeidet gir resultat på lang sikt?**

- Godt samarbeid og tolmodighet
- Fortsette å jobbe med det når ein er ferdig
- Å ikkje gi seg
- Samarbeid tolmodighet prioriteringer nå ut til mange
- Me må ikkje gje oss
- At me ikkje gir oss, og fortsetter med det gode arbeidet
- At me har ein god plan
- Nøkkelpersonar gjennom heile prosessen, god dokumentering.
- Godt samarbeid, tålmodighet, at det blir lagt tid i det
- Grundige prosessar, engasjement, viktige ressurspersonar, Lene
- At ungdommen engasjerer seg
- Formidla vidare til etterkommere
- Fortsetta å promotera

Det vart gjennomført ein gjennomgang i etterkant.

**Innspel i samband med evalueringa:**

Korleis skal ein vidareføre engasjementet og få ein god gjeng til neste år? Har lyst til å få til ein aktivitetsdag i juni for alle ungdommar på Bømlo. Stad: Frå kulturneset til gamle BUS. Har sendt e-post til alle rektorar. 19. juni kan vere ein aktuell dag. Ungdomsrådsrepresentantane som går på

vidaregåande spør rektor om kva som kan vere aktuell dag. Kan lage rebusløp frå kulturneset til gamle BUS. Kan ha tre grupper på a 350 elevar.

Planlegging på messenger framover. Ressurspersonane vert med i planlegging av praktisk gjennomføring. Synleggjere jobben ungdomsrådet har gjort.

Har retningslinjer for ungdomsrådet. Bør finne ein betre måte å få velje nytt ungdomsrådsstyre på. Erfaringar frå Askøy: hadde oppstartsseminar, deretter valkamp på skulane for så å gjennomføre val. Dersom ein har for mange som har lyst, må ein tenkje igjennom gode måtar å gjennomføre val på. Og at det vert sikra kontinuitet. Kan vurdere at ein blir valgt for to år. Det er viktig å ha arbeidsgrupper som jobbar med konkrete tema. Kanskje ein av dei som er med i år to kan vere leiar for kvar si arbeidsgruppe? Det er vanskeleg med overgangen frå ungdomsskule til vidaregåande.

Det med val er viktig å lyfte fram i evalueringa. Oppstartsseminar og arbeidsgrupper er viktig. Korleis få til brei mobilisering? Det er synd om ein må vere i elevrådet for å vere med i ungdomsrådsstyret.

Skal lage forslag til retningslinjer med utgangspunkt i diskusjonane i dag. Retningslinjene skal til politisk behandling. Lene lagar forslag og sender ut forslaget på Messenger. Det er viktig at ungdomsrådet kjem med innspel til retningslinjene. Ungdomsrådet bør vere representerte på kommunestyremøte i juni når retningslinjene skal vedtakast.